



**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Rådhuset  
**Dato:** 20.05.2014  
**Tid:** 15:00 - 18:10

### Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Wenche Tislevoll	Ordfører	H
Agnar Aarskog	Varaordfører	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Lars Ove Rimmereid	Medlem	SP
Harald Rydland	Medlem	KRF

### Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

### Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

### Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Andreas Moe Larsen	Ass. rådmann
Trond Salmo	Økonomisjef
Anne Berit Hovstad Johansen	Helse- og sosialsjef
John Karsten Raunholm	Skulesjef
Tore Nesbø	Avd.ingeniør drift
Bente Bjelland	Kultur- og informasjonssjef (i sak PS 57/14 og 60/14)

  
Wenche Tislevoll

Harald Rydland

Agnar Aarskog

  
Bente Fitjar  
Møteref.

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 46/14	Godkjenning av protokoll	
PS 47/14	Meldingar	
PS 48/14	Saker handsama etter delegering	
PS 49/14	Klage frå Fjeldtvedt Eiendom på sakshandsamingesgebyr	
PS 50/14	Finansforvaltningsrapport 1. tertial 2014	
PS 51/14	Handlingsplan for bustader til vanskelegstilte i Fitjar 2014 - 2016	
PS 52/14	Opprop frå norske vindkraftkommunar	
PS 53/14	Framtidig barnehagestruktur i Fitjar kommune	
PS 54/14	Ventilasjon Øvrebygda skule	
PS 55/14	Årsmelding og årsrekneskap 2013	
PS 56/14	Lærling hjå IKT-avdelinga	
PS 57/14	Plan for Årskog museum (del av kulturplan 2015 - 2020)	
PS 58/14	Sommarfullmakt 2014	
PS 59/14	Tap på krav	X
PS 60/14	Økonomisk stønad til Fitjarfestivalen 2014	
PS 61/14	Ymse	

Før møtet var Formannskapet på synfaring på Port Steingardseid i Kråko.  
Møtet vart sett kl. 1530 på rådhuset.

Sein utsending av møteinnkallinga, grunna problem med sakshandsamarsystemet.  
Sak PS 60/14 – Økonomisk stønad til Fitjarfestivalen 2014 sendt på iPad i dag.

Innkalling og sakliste godkjent utan merknader.

Sak PS 57/14 Plan for Årskog museum og sak PS 60 Økonomisk stønad til Fitjarfestivalen 2014 vart handsama først.

## **PS 46/14 Godkjenning av protokoll**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet godkjenner protokoll frå møte 08.04.2014.

### **Behandling i Formannskapet - 20.05.2014:**

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## **PS 47/14 Meldingar**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

### **Behandling i Formannskapet - 20.05.2014:**

#### Følgjande saker vart meldt:

Melding om skatteinngang april 2014

Notat nr. 13 – status Rimbareid skule pr. 13.05.14

Endringsliste Rimbareid skule

Budsjettskriv frå Fylkesmannen, dat. 08.05.14

Budsjetttrapport 1. kvartal. Økonomisjef Trond Salmo orienterte. Formannskapet drøfta utfordringar på området økonomisk sosialhjelp.

Orientering orgelprosjekt

#### Munnleg orientering:

Rådmann Atle Tornes orienterte om utfordringar i revidert budsjett. Ikkje store konsekvensar for Fitjar kommune. Pensjonsutgifter 700.000 meir enn budsjettert.

#### Delt ut i møtet:

Notat frå ass.rådmann Andreas Moe Larsen: Kommunereform – framdrift og tiltak.

Larsen orienterte ut frå notatet. Formannskapet drøfta framdrift av arbeidet med strategi for kommunesamarbeid.

### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

### **PS 48/14 Saker handsama etter delegering**

#### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet tek delegeringssakene til vitande.

### **Behandling i Formannskapet - 20.05.2014:**

### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

### **PS 49/14 Klage frå Fjeldtvedt Eiendom på sakshandsamingesgebyr**

#### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet stadfester Utval for plan og miljø sitt vedtak. Klage frå Fjeldtvedt Eigedom vert ikkje teken til følgje.

### **Behandling i Formannskapet - 20.05.2014:**

### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

## **PS 50/14 Finansforvaltningsrapport 1. tertial 2014**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre tek finansforvaltningsrapporten til vitande.

### **Behandling i Formannskapet - 20.05.2014:**

#### **Tilråding: (Samrøystes)**

Fitjar kommunestyre tek finansforvaltningsrapporten til vitande.

## **PS 51/14 Handlingsplan for bustader til vanskelegstilte i Fitjar 2014 - 2016**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet vedtek følgjande.

1. Oppretthalde vedtak om kjøp av 2 -3 modulbygg på Aarskog kommunetomta, vedteke hausten 2013.  
  
Dette skal i utgangspunktet vera ei midlertidig løysing i påvente av permanent bustad, må vera ferdig innan siste kvartal 2014.  
Administrasjonen arbeider vidare med saka jfr. vedtak
2. Utvikle Fitjarsjøen til eit LAR senter med 5 – 6 mindre leiligheter (hyblar) for gruppa, arbeidet må vera fullført og ferdig hausten 2015.
3. Sjå til at tenestetilbodet til LAR helse og bustadoppfølging vert forsterka, setja av ressursar i budsjettet.
4. Regulera ferdig alternative tomter til omsorgs- bustad føremål.
5. Vurdera kontinuerleg å kjøpe bustadar som kan eigna seg til vanskelegstilte.

Alle tiltaka må sjåast saman med Omsorgsplan 2020.

### **Behandling i Formannskapet - 20.05.2014:**

Rådmann Atle Tornes orienterte om saka. Formannskapet drøfta saka grundig.

Framlegg frå representanten Harald Rydland (KRF) om å endra pkt. 1 i framlegget slik: Som eit mellombels tiltak skal kommunen prøva å leiga bustader til vanskelegstilte fram til kommunen har eigne løysningar på plass. Dersom dette ikkje lukkast, kan vedtak om kjøp av 2-3 modulbygg på Årskog, vedteke hausten 2013, setjast i verk. Dette skal vera ei midlertidig løysing i påvente av permanent bustad, må vera ferdig innan siste kvartal 2014. Administrasjonen arbeider vidare med saka jfr. vedtak.

Endring i tilråding frå rådmann Atle Tornes: ein stryk – i utgangspunktet – i andre setning i pkt. 1.

### **Røysting over pkt 1:**

Framlegg frå administrasjonen fekk 3 røyster (H/AP)  
Framlegg frå representanten Harald Rydland (KRF) fekk 2 røyster (SP/KRF), og fall.

Pkt. 2-5 vart samrøystes vedteke.

Det ligg etter dette føre slikt;

**Vedtak:**

1. Oppretthalde vedtak om kjøp av 2 -3 modulbygg på Aarskog kommunetomta, vedteke hausten 2013.  
Dette skal vera ei midlertidig løysing i påvente av permanent bustad, må vera ferdig innan siste kvartal 2014. Administrasjonen arbeider vidare med saka jfr. vedtak.
2. Utvikle Fitjarsjøen til eit LAR senter med 5 – 6 mindre leiligheter (hyblar) for gruppa, arbeidet må vera fullført og ferdig hausten 2015.
3. Sjø til at tenestetilbodet til LAR helse og bustadoppfølging vert forsterka, setja av ressursar i budsjettet.
4. Regulera ferdig alternative tomter til omsorgs- bustad føremål.
5. Vurdera kontinuerleg å kjøpe bustadar som kan eigna seg til vanskelegstilte.

Alle tiltaka må sjåast saman med Omsorgsplan 2020.

## **PS 52/14 Opprop frå norske vindkraftkommunar**

**Framlegg til vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Fitjar kommunestyre sluttar seg til oppropet frå Landssammenslutninga av Norske Vindkraftkommuner til Regjering og Storting dagsett 5 – 6 mai 2014 om betre rammevilkår for vindkraft.

**Behandling i Formannskapet - 20.05.2014:**

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om bakgrunn for saka.

**Tilråding: (4-1 (SP))**

Fitjar kommunestyre sluttar seg til oppropet frå Landssammenslutninga av Norske Vindkraftkommuner til Regjering og Storting dagsett 5 – 6 mai 2014 om betre rammevilkår for vindkraft.

## **PS 53/14 Framtidig barnehagestruktur i Fitjar kommune**

**Framlegg til vedtak:**

Fitjar formannskap sluttar seg til vurderingane som kjem fram i sakspapira om framtidig barnehagestruktur i Fitjar kommune etter følgjande prinsipp:

1. Fitjar soknerådsbarnehage bygger ny avdeling på eigen tomt slik at avdelinga i Fitjar idrettslag sitt klubbhus vert innlemma i felles bygningsmasse.

2. Fjellheim friluftsbarnehage overfører drifta til ein større aktør og har fått tilsagn om førsteretten til 20 nye barnehageplassar i kommunen fram til 01.08.2017 jf. Formannskapsvedtak.
3. På eit seinare tidspunkt vil Fitjar kommune vurdere om det i framtida er aktuelt med ei privat eller kommunal utbygging. Ei eventuell utbygging i Rosneset må vurderast i denne prosessen.

#### **Behandling i Formannskapet - 20.05.2014:**

Formannskapet drøfta saka. Det er viktig at Fitjar kommune held fram med eit breidt barnehagetilbod.

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

#### **PS 54/14 Ventilasjon Øvrebygda skule**

Formannskapet vedtek oppstart av arbeida med ventilasjonsanlegg ved Øvrebygda skule i samsvar med saksutgreiing.

Klima og energi sevice as. vert tildelt oppdraget, i hht.tilbod, datert 09.05.2014

#### **Behandling i Formannskapet - 20.05.2014:**

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

#### **PS 55/14 Årsmelding og årsrekneskap 2013**

##### **Framlegg til vedtak:**

Fitjar formannskap rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre godkjenner årsmelding og årsrekneskap for 2013.

Fitjar kommunestyre set av kr. 2.683.900,- til nytt skulefond, og kr. 2.360.975,12 til disposisjonsfondet.

#### **Behandling i Formannskapet - 20.05.2014:**

Spørsmål frå representanten Harald Rydland (KRF) ang. avsetning av midlar til nytt skulefond. Rådmann Atle Tornes viser til kommunestyrevedtak PS 64/10 om bruk av skatteinntektene frå vindkraft.

Representanten Harald Rydland (KRF) kom med framlegg om å endra siste setning i tilrådinga:

Fitjar kommunestyre set av mindreforbruk kr. 5.044.875,12 til disposisjonsfondet.

#### **Røysting:**

Framlegget frå representanten Harald Rydland (KRF) vart samrøystes vedteke.

Det ligg etter dette føre slik;

**Tilråding: (Samrøystes)**

Fitjar kommunestyre godkjenner årsmelding og årsrekneskap for 2013.

Fitjar kommunestyre set av mindreforbruk kr. 5.044.875,12 til disposisjonsfondet.

**PS 56/14 Lærling hjå IKT-avdelinga**

**Framlegg til vedtak:**

1. Formannskapet vedtek å tilsetje lærling ved IKT-avdelinga frå hausten 2014.
2. Kostnadar for 2014 blir lagt inn i revidert budsjett. Kostnad for seinare år blir lagt inn i budsjett og økonomiplan.

**Behandling i Formannskapet - 20.05.2014:**

**Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

**PS 57/14 Plan for Årskog museum (del av kulturplan 2015 - 2020)**

**Framlegg til vedtak:**

Formannskapet løyver frå museumsfondet kr 120 000 til vøling av løevegg og grunnmur, samt bygging av nye hyller i magasinet.

Formannskapet vil i budsjett 2015 vurderer å kompensere for deler av midlane som er brukt til å finansiere kulturleiarstillinga i 2009- 2010.

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

Plan for Årskog museum( Del av kulturplan 2015 – 2020) vert vedteken. Kommunestyret vil opna for at det blir vurdert å selja ein del av eigedomen og la midlane inngå i museumsfondet.

**Behandling i Formannskapet - 20.05.2014:**

Rådmann Atle Tornes orienterte om bakgrunn og økonomiske vurderingar jfr. setning nr. 2 i framlegg til vedtak, og svara på spørsmål frå formannskapet.

**Vedtak i Formannskapet: (Samrøystes)**

Formannskapet løyver frå museumsfondet kr 120 000 til vøling av løevegg og grunnmur, samt bygging av nye hyller i magasinet.

Formannskapet vil i budsjett 2015 vurdere å kompensere for deler av midlane som er brukt til å finansiere kulturleiarstillinga i 2009- 2010.

**Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

Plan for Årskog museum (Del av kulturplan 2015 – 2020) vert vedteken.

Kommunestyret vil opna for at det blir vurdert å selja ein del av eigedomen og la midlane inngå i museumsfondet.

**PS 58/14 Sommarfullmakt 2014**

**Framlegg til vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slik vedtak:

Kommunestyret gjev ordførar fullmakt til å avgjera saker som det må takast stilling til i sommarferien.

Formannskapet/kommunestyret skal ha melding om saker som vert avgjort i medhald av fullmakta.

**Behandling i Formannskapet - 20.05.2014:**

**Tilråding: (Samrøystes)**

Kommunestyret gjev ordførar fullmakt til å avgjera saker som det må takast stilling til i sommarferien.

Formannskapet/kommunestyret skal ha melding om saker som vert avgjort i medhald av fullmakta.

**PS 59/14 Tap på krav**

**PS 60/14 Økonomisk stønad til Fitjarfestivalen 2014**

**Framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt føre utan framlegg til vedtak.

**Behandling i Formannskapet - 20.05.2014:**

Formannskapet ba om meir informasjon vedk. tidlegare rekneskap for Fitjarfestivalen. Representanten Harald Rydland (KRF) orienterte ut frå sin tidlegare medverknad i styret i Fitjarfestivalen.

**Vedtak: (Samrøystes)**

Fitjar kommune løyver kr. 50.000,- til Fitjarfestivalen 2014. Midlane vert løyvd frå posten tilleggsløyvingar.



## **PS 61/14 Ymse**

### **Behandling i Formannskapet - 20.05.2014:**

Representanten Harald Rydland (KRF) refererte frå samling i høve grunnlovsjubileum i Bergen.

Spørsmål frå representanten Harald Rydland (KRF) om utlyst stilling som oppmålar, og status i forhold til avtalen med Austevoll kart as.

Rådmann Atle Tornes orienterte. Austevoll kart as tilbyr ikkje tenester innan oppdatering i kartdatabasar, matrikulering av bygg, etc. Ved å tilsetja oppmålar får Fitjar kommune på plass kompetanse for alle funksjonar innan oppmåling.

Orientering frå ordførar Wenche Tislevoll (H):

- refererte frå ordførarsamling i Oslo i høve grunnlovsjubileum.
- pr. 31. mars 2014 har Fitjar 3.026 innbyggjarar
- Stord vestside bompengepakke er vedteken i samferdsleutvalet, skal no vidare til fylkestinget.
- fredag 23. mai skal ho vera med på ordførarkonkurranse, der målet er å framheva kvalitetane i Fitjar kommune, dette i samheng med framtidig kommunestruktur.

### **Vedtak:**